

Referat FAU-møte 20.11.24

Tilstades:

Bodil Hobberstad Knutsen, Siv Helland (vara), Elena M Sikveland, Silje Taksdal, Borghild Hovstad Bjørkmo, Øyvind Søyland, Knut Undheim.
Forfall: Serina F Sikveland, Gerd Rusdal.

Godkjenning av innkalling og referat

OK.

Sak 12/24-25 Reflekskonkurranse

Presisering frå førre møte: Klassane (èin frå småskulen, èin frå mellomtrinnet) får pizza for kr 1000,- kvar.

Sak 13/24-25 Juleoppvisning (repetisjon/presisering)

- Øving måndag 16.12.
- Besteforeldrefest tysdag 17.12. kl 10-12.
- Foreldrefest torsdag 19.12. kl 18.

- Behov for teknisk kompetent person(ell) til styring av lys og lyd. Jan Jonassen lærer opp 7.-klassingar og muligens enkelte frå personalet.
- Besteforeldrefest: 8 personar frå kl 8.15 på eldrefesten. Kvart FAU-medlem skaffar minst èin person. Dekker til 140 personar.
- Foreldrefest: Foreldregruppe (knytt til adresse) serverer på foreldrefesten; *Årrestad, Taksdal og Lende*. Oppmøte kl 16.

Sak 14/24-25 Vennegrupper og bursdagar

- Vennegrupper: Viktige for inkludering og samhald. Foreldrekontaktane særleg obs på at alle enkeltelevar får vera vertskap for vennegruppe, bør presiseres ifm foreldremøte.
- Bursdagar: Skulepersonal har oppfatta at enkelte ungar uttrykker forvirring når det gjeld invitasjon til bursdag. FAU vil presisera at hovudkjøreregel bør vera at alle, evt alle gutar eller jenter, i klassen inviteres.

Sak 9/24-25 Innkomne saker

- Juleoppvisning: Fleire foreldre ynskjer fokus på at ALLE elevar sikrast høve til å opptre på scenen. Dette er nyttig erfaring og til glede for respektive foreldre og besteforeldre. FAU ynskjer at ALLE TRINN stiller med eit innslag der ALLE ELEVAR deltek. Dette bør vera ein klar forventning og ikkje eit val for den enkelte. 7. klasse stiller som før som programleiarar og scenearbeidarar/teknisk. Gjerne innslag frå PE og lærarane i tillegg 😊.

- Hoppbakken: Tidspunkt for seponering? Misnøye frå personal og foreldre over fleire år. Vanskeleg grensesetjing for lærarane. Skaderisiko. Øydelagde klede. Manglande polstring huskestativ.
- FAU-saker/kommunikasjon med foreldre: Jf referat 231024 'FAU anser fellesmeldingar med påminning om denne muligheten (innmelding av saker) i forkant av kvart enkelt FAU-møte som overflødig.' Fleire foreldre har teke kontakt med FAU og beklaga denne endringa då ein opplever at FAU sitt arbeid vert vanskelegare å fylgja med på. FAU tek dette til etterretning. Innkalling til FAU-møte legges ut på klassevise Messenger-/FB-grupper. Referat som vedlegg til rektor si fredagsmelding som før.
- 17. mai-komitè: Etter nedlegginga av ungdomsskulen sit ein att med pengespørsmål og etterarbeid når elevane er reiste frå bygda. Endra til 6. klasse? Slik vil ein ha betre tid til å planlegga bruken av pengane til gode for klassen. Diskusjon ved foreldremøte til våren?

Neste FAU-møte onsdag 29.01.24

Referent
Knut Undheim